

Vestland Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

6876 Skjolden, 19. mai 2020

**Att:** Eva Moberg og Arlen Synnøve Bidne

## VEDR. HØYRINGSRUNDE-FORSLAG på «Wittgensteinhuset» i «Østerrike».

Eg viser til mitt tidligare innsendte forslag, som eg meiner kan vera til nytte for framtidig bruk og allmen ferdsel i dette området ved Eidsvatnet.

Dette gjeld spesielt at ein mulig framtidig gangveg går i heile strandsona frå Wittgensteintavla, v/Galdaneset og oppover langs Eidsvatnet, for så å gå oppover langs Fortunselvi til gangbrua over Fortunselvi, for så å gå nedover att langs elveløpet og bortover langs austsida av Eidsvatnet, til der vegen no kjem ned frå Veiane og Vassbakken.

Eg har peika på at spesielt vegen opp frå Eidsvatnet, til «Wittgensteinhuset» må bli ein trygg ein ferdsliveg også for vanlege folk, sidan det no blir arbeid for at denne spesielle staden skal bli godt tilgjengeleg for vanlege folk, i alle aldrar, og då må det etter mitt syn leggjast stor vekt på at gangvegen opp til «Wittgensteinhuset» må bli bygd på ein måte som også passar for vanlege folk.

Eg har fått ein del tilbakemeldingar frå personar som alle har peika på at spesielt gangvegen opp til sjølve «Wittgensteinhuset» må bli bedre, enn den er i dag, for vanlege folk å gå opp.

Dersom eg ikkje hugsar feil så snakka eg med dykk begge oppe i «Østerrike» på sjølve åpningsdagen, og der me bl.a. fekk oppleva at ein person ramlar, og kunne i verste fall ha falle utfor og ramlar rett i Eidsvatnet, sansynleg med alvorlege fylgjer for personen.


Eg vil derfor på nytt setja fram forslag om at dere f.eks. engasjerar Geirr Vetti/Stibyggjaren til å få bygd ein skikkeleg og sikker gangveg opp til sjølve «Wittgensteinhuset» i «Østerrike», der ein kansje brukar store steinheller slik som i Nordland, der Dronning Sonja åpna den stien.

Kansje Dronning Sonja kan åpna ein fin/sikker gangveg opp til «Wittgensteinhuset» i «Østerrike» om nokre år ?

Kansje denne gangvegen også bør ha eit fint og sikkert rekkverk, kansje med småmaksa netting på den sida som vender mot Eidsvatnet, og at dette rekkverket er langs heile denne gangvegen opp til «Wittgensteinhuset», for då vil ein ikkje risikera at personar ramlar utfor fjellet og i Eidsvatnet.

LUKKE TIL MED DYKKAR ARBEID I DEN «HØYRINGSRUNDEN» som skal vera i samband med at dette området no er foreslått verna av Riksantikvaren.

Med helsing

  
Per-Arvid Hauge, Lustravegen 435o, 6876 Skjolden.